



Vang kommune

Lars Øverby

Dykkar ref.:

Vår ref.:

FLAKRI-2022004552 -5

Arkiv:

GBNR-101/1, GBNR-
102/1

Vår dato:

08.07.2026

Saksnr.	Utval
132/26	Hovudutval for utvikling

Gnr. 101 bnr. 1 og gnr. 95 bnr. 10 - Konsesjon


Vang kommune har motteke søknad om konsesjon på erverv av fast eigedom frå Lars Øverby, Skogholtveien 13, 1178 Oslo. Eigedomen det er søkt konsesjon på er gnr. 101 bnr. 1 og ½ av gnr. 95 bnr. 10.

Eigedomen står i Kjell Leithes dødsbo, og erverv er gjennom arv.

Eigedomen inneheldt tidlegare gbnr. 101/1, 102/1 og 95/10, men gbnr. 102/1 ble delt ifrå eigedomen i HU saksnr. 022/26.

Plassering:

Eigedomen ligg aust i Vang kommune, og garden ligg på Hørevegen 243.



Figur 1. Gnr. 101 bnr. 1.



Kartutsnitt

Utskrift av kartutsnittet fra Innsyn saksbehandler



Dato: 06.07.2026 Omtrentlig målestokk: 1:32012 Koordinatsystem: UTM-32N



Side 1 av 1

Rettigheter: Kartverket, Geovekst og kommuner - Geodata AS

Figur 2. Gnr. 95 bnr. 10.

Storleik:**Gnr. 101 bnr. 1 fordelt på 6 teiger:**

Fulldyrka jord: 4,5da

Overflatedyrka jord: 13,5da

Innmarksbeite: 1,7da

Produktiv skog: 133,6da

Annet markslag: 277,1da

Bebygd, samf., vann, bre: 4,9da

Sum: 435,3da

-

Gnr. 95 bnr. 10 fordelt på 4 teiger:

Annet markslag: 168,4da

Bebygd, samf., vann, bre: 5da

Sum: 173,4da

Husa på garden:

Bolighus – 115m² – 1991 – 2etasjer – middels tilstand

Garasje – 84m² – 1991 – 1etasje – middels tilstand

Garasje – 100m² – 1991 – 1etasje- middels tilstand

Støl – 80m² – 1991 – 1etasje – middels tilstand

Rettar til eigedomen:

Beiterett, jaktrett og fiskerett.

Søkjar sine kvalifikasjonar, og planar for eigedomen:

Søkjar ynskjer å oppgradere bustad på garden og støl på Slettefjellet. Han skal videreføre driftsformer innanfor jordbruk og skogbruk.

Forhald til kommuneplan, areal-/samfunnsdel:

Kommuneplanens samfunnsdel 2025-2040:

“4.4 Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv”

Dette målet inneber prioritering av:

b. å styrke eit aktivt og sjølvgåande landbruk, med særleg vekt på husdyrhald, lokal ressursutnytting og vidareforedling, inn-og utmarksressursar, stølsdrift, kulturlandskap og lokal byggeskikk. Stimulere til busetjing, næringskombinasjonar og matberedskap.”

Relevant lovverk:

- Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom av 28. november 2003 nr. 98 (konsesjonslova).
- Forskrift om konsesjonsfrihet for visse erverv av fast eigedom, egenerklæring ved konsesjonsfrihet, fulldyrket jord og beløpsgrense ved priskontroll av 08. desember 2003 (forskrift om konsesjonsfrihet).
- Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7, Vang kommune, Oppland.
- Rundskriv M-3/2017. Konsesjon, priskontroll og boplikt.
- Lov om jord av 12.mai 1995 nr. 23 (jordlova).

Prisvurdering:

Prisvurdering er ikkje aktuelt då ervervelsen er gjennom arv.

Vurdering:

Ved avgjersle om konsesjon for erverv av eigedom som skal nyttast til landbruksførrermål skal det leggjast særleg vekt på fylgjande (jf. konsesjonslova §9):

1.«om erververs formål vil ivareta hensyn til bosettingen i området»

Det innførast personleg buplikt dei fyrste 5 åra, deretter varig upersonleg buplikt.

2.«om erveret innebærer en driftsmessig god løsning,»

Ervervar skriv i søknaden at jorda skal haldast ved hevd gjennom utleige, og utmarka skal forvaltast.

3.«om erververen anses skikket til å drive eiendommen,»

Ervervar har jobba som avløsar på garden i sin ungdomn, og har meldt seg på studie i skogsforvaltning.

4.«om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet»

Ved bruk av innmarka og utmarksbeite vurderar kommunen at ein vil halde jordbruksareala i hevd.

Buplikt:

Kommunen kan setja vilkår om buplikt som kan vera peronleg eller upersonleg. Ervervar forpliktar seg til å busetje seg på eigedomen innan 1 år og bu der sjølv i minst 5 år. Etter disse 5 åra vil det vere varig upersonleg buplikt.

Kommunen kan setja varig upersonlig buplikt for å sikre busetjingsomsynet i kommunen jf. konsesjonslova §11.

Driveplikt:

Jordlova § 8 omtalar driveplikta. Jordbruksareal skal drivast og driveplikta gjeld for heile eigertida.

Driveplikta kan derimot oppfyllast ved at arealet vert leigd bort. Føresetnaden for dette er ved ei skrifleg leigeavtale som sikrar driftsmessige gode løysningar på minst 10 år, utan høve for eigaren til å seie ho opp.

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering tilrå at konsesjonssøknaden vert innvilga

Vedtak:

HUU 022/26: *HUU delegerer myndigheit om avgjersle i konsesjonsbehandling tilhøyrande Gbr 101/1 og 102/1.*

Vang kommune gjev med medhald i konsesjonslova §§1 og 9, Lars Øverby konsesjon på erverv av eigedomen Berge gnr. 101 bnr. 1 og halvdel av gnr. 95 bnr. 10 i Vang kommune på fylgjande vilkår:

1. Ervervar må flytte til eigedomen innan 1 år og bu der sjølv i minst 5 år. Det vert sett varig upersonleg buplikt etter dei fyrste 5 åra. Det vil sei at nokon må bu der, enten det er eigar sjølv eller at det blir langtidsutleigd.

2. Eigarene må ta del i dei pliktene som kviler på eigedomen. Driveplikta må oppfyllest i hht. Lov om jord av 12.mai 1995 nr. 23 dvs. at enten må eigaren driva den dyrka jorda sjølv eller leiga den bort.

Vedtaket er eit enkeltvetak og kan klagast på.

Klage må leverast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent.

Med helsing

Kristian Lindseth Flaa
Rådgjevar landbruk, natur og miljø
Dir. tlf.: 468 13 738
E-post: kristian.lindseth.flaa@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.